

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Møre.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Haram.

Emne: *Ard og plog.*

Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Rogne.

Gard: Rogne.

(adresse): Longva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Pkt. 1. Ard ^{er} ikkje- og hev ikkje-vere brukt i Haram, det eg veit. Derimot plog- eit ord som er uttala bokstavrett, plog.

" 2. Kornet vart nedmylda med riva i eldre tid- horvari- va heitte ho. Ho var grov og sterkgjord med vanleg 8 fingertjukke tindar.- Paa nybrot, som gjerne var klumput, brukte ein alltid grev til aa mylda kornet ned med. No berre horv.

" 3. Poteta sette ein ^{mest} ~~vanleg~~ paa den maaten at ein plögde ei vanleg for og sette so potetone maatsam~~t~~ djupt ned i fori med høveleg fraastand. Med neste for plögde ~~ei~~ ein so attyver dei sette potetone o.s.fr. Vanleg regel var aa setja tvo forer, og den tridje skulde vera tomfer (altso ikkje setjast poteter i). Denne tomföri var for foringi (hyppingi). Ordet hypping var ikkje brukt her fyrr hyppeploegen kom, so det kom med homom. Her var alltid sagt foring - fora potetone. Det vart gjort med grev. Ordet hev si rot i for (ei), og lyder mest som för. No drillar sume aakeren for potetsetjing.

" 4 og 5 inkje aa svära paa.

" 6. Paa vanleg plog og hyppeplog og hestehakke er brukt skjæker (av skaak, ei). Likso mykje er brukt ordet

drätte (av draatt, ein, el. drag, eit), naar det gjeld polg, horv eller slede..Skjæker helst til vogner.Drättet var alltid av bjørk fyrr. No er det for det meste av tjukkvere tog, som er lettare baade for hest og kar.

Pkt.7,8,9,10,11 og 12 inkje aa svara paa.

" 13. No er det berre brukt nymotes plogar fraa umlag hundradaarsskiftet. Fyrst var det amerikanske plogar slike som South Bend, Cyracus c.fl. Noko med kvart kom dei ymse Jæder-plogtypone, som no er i aalment bruk.

Dei fyrst brukte plogane var heimelaga og var heilt av tre. Berre skjeret var jarnslege. Veltefjøli var bein (saml. fig. 8, grindplogen utan kniv). Med kvart lærde dei aa gjeva fjøli den rette skøking (vriding), so plogen velte fori betre (nærast fig 13). Desse var som nemnt heimelaga. Bonden gjorde deim sjølv, og det kosta lie og inkje.

" 14. Dei fyrste plogane var, som alt nemnt, grindplogar. Anna namn er ukjent. So lenge dei brukte beine veltefjøl, vart ho ikkje jarnslegi. Men naar ho skulde gjerast sloka (vrid), var det so mykje meir arbeid aa laga henne, at dei spikra tunne jarnplater der slitet var hardast. Vart plata utsliti, var det berre aa spikra paa ei ny. Soleis kunde ei velgjerd veltefjøl vara i lang tid. Landsida, som fraa fyrst av var av tre, vart med kvart av jarn sveist saman med skjeret. Det gjorde daa bygdesmeden, dersom bonden sjølv ikkje var smed eller hadde smidje.

I 1880-aari tok dugande bygdesmedar til aa gjera plogar heilt av jarn, veltefjøl, skjær og landsida var sveist ihop i eitt. Berre uppstadreida og araasen var av tre. Veltefjøli var - so vidt eg veit - svensk fa-

brikat, og var av staal. Ein slik plog kosta vanleg ei 20 - 25 kr.

Pkt. 15. Paa rett dimmyld, feit og kleimen aaker la veltefjoli seg full av den kleimne moldi. Plogkaren hadde med ei liti trespoda hangande paa ploskjeftet til aa gjera veltefjøl og skjær rein. (Eg fær gjerne lov aa skjota inn at ingen plog enno greider halda seg rein i den gamle feite aakerjordi her, og daa skal ein ikkje venta det betre av dei gamle plogane). Spada hadde ikkje serskilt namn, det eg veit eller hev høyrte.

" 16. Under tomkøyting la ein plogen paa veltefjølside, di- for var det turvande for den skuld og aa klæda veltefjøl- sperden med jarn. Sume køyrt den og paa landsida.

" 17. For at plogen ikkje skulde draga ihop for mykje hyl- ma paa aakeren under tomkøyting, slo sum ein langfalen kloss paa sida av framenden paa araasen.

" 18. Paa vaare kantar med flate aakrar er det - og hev det vore - mest berre høgrehandsplogar, med di ein kann ~~KXX~~ pløgja i kva leid ein vil. I brattlende er det nok tenleg aa ha vinstrehandsplog med, avdi ein helst maa pløgja langs etter bratta, og se aar um anna "; køyra upp aaker- reinone".

" 19. Til vanleg plögde ein 5 - 6 tummar djupt. Til aa stilla djupni kunde aaraasen ledast upp og ned med fram- enden. Det regulerte ein med trebleggjer som ein la yver eller under bakre enden paa dragaasen. Ved det gjekk fram- enden upp eller ned, og paa det viset maata ein ^{plog-} djupni. Stillet kalla ein dette.

No brukar ein anten hjul eller slæpesko under framenden av dragaasen til aa stilla djupni. Paa plogane no stend

dragaasen fast, medan han paa dei gamle plogane kunde leika upp og ned.

Pkt. 20. "Ristill" som me her kallar plogkniv, er ikkje brukt anna enn ved vell-(marka-)pløging. Ikkje ved aakerpløging.

" 21 og 22. Nei.

" 23. Falkensten- el. Jarlsbergplogen er ukjend her. (Eg hev lese um den). -

Eg hev nemnt dei vanlege plogtypone her i bygdi under pkt. 13. Namni paa dei einskilde plogdelane er nokse einstaka. Det er landsida, veltefjøli, Skjeret, Stillet, grind (no som paa fig. 13, el. og med dubbelt skjefte som paa fig. 16, men lenger, serleg daa paa markaplogen), og dragaasen som her heiter araasen. Eg hev fundert noko paa dette ordet ~~ordet~~, um det skriv seg fraa ard (som er ukjend her), eller um det hev si rot i hard. I dei gamle aakrane var det ikkje lite av store grunnfaste steinar, Støytar, som me kalla deim. Naar plogen støyte fram i desse, spurdest det etter plogstyrken, og ikkje minst etter aasen. Difor brukte ein ikkje ha for sterke plogband - toget millem ~~araasen~~ og tverhømmelen paa drættet. Dei rekna med at plogbandet skulde gaa av, fyrr aasen el. plogen rauk i stykke. Ein tegmole var det ikkje so vant um her. Verre var det med ein velskapa ~~araas~~ um den gjekk i molar. Eg er som sagt noko i tvil um namnet skal vera araas eller haraas. Det kunde mang ein gong vera hardt nok for den aasen.

Dei gamle sin uttale av ordet gjev diverre ingi opplysning. Det kunde likesnart vera har- som araas i samsvar med halvemaalet som raadde fyrr. Likevel er det vel helst

5. blad.

truleg det skal vera araas, endaa ar(d)en er ukjnd her,
anna av umtale. Ordet maa daa vera innkome med plogen.

2236

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYGDØY